

Årsmelding for Bø Orienteringslag, 2011

Styret har sett slik ut:

Leiar:	Jarle Botnen	(på val)
Sportsleg leiar:	Bjørn Steen	(ikkje på val)
Kasserar:	Arne Lande	(på val)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(ikkje på val)
Rekruttansvarleg:	André Horgen	(på val)
Vara:	Elisabeth B. Solberg	(på val)
Vara:	Dag Øyvind Olsen	(på val)
Valkomit�:	Tore H�ndstad og Gyrid Kvaale	(p� val)
Webansvarleg:	Jon Kvisli	(ikkje p� val)
Sekret�r:	Jon Solberg	(ikkje p� val)
Revisor:	Bodil Dahl	

Betalande medlemmer i  r: 68

Styrem te

I  r har me hatt to styrem te. 8. mars og 10. mai. Viktige saker var (1) rekruttering, (2) l ypelengder p  treningsl p og (3) o-l pet p  Nordb asen 22. mai. N r det gjeld punkt 2, er det ekstremt viktig at den korte nybyrjarl ypa ikkje er lenger enn MAX 1,5 km og har MINIMUM 8 postar. Det blei synda mot dette einstemmige styrevedtaket ved eit par h ve i  r, men stort sett var det veldig bra nybyrjarl yper p  treningsl pa.

Heimeside: <http://aktiv.hit.no/bo/olag/>

Jon Kvisli oppdaterer sida jamnleg. Her finn ein resultat og strekktider fr  alle treningsl pa, i tillegg til nyttig informasjon om alt som skjer i B  o-lag.

”Kickoff” med Anne Margrethe Hausken, 6. april kl. 18.00, p  HiT

Inspirasjonskvelden med verdsmeister i orientering Anne Margrethe Hausken var ein heidundrande suksess med 25 framm tte, mange inspirerande ord og god stemning. Hausken fortalde om si eiga karriere og prata varmt om o-teknisk trening og leik. Her er nokre moment ho var innom i l pet av den ca 60 min lange seansen:

- Det er best   ha jamn flyt gjennom heile l pet. Ikkje meir enn 10 % bak p  alle strekk. Ikkje fokuser p    f  beste strekktid. Da blir det fort bom!
- Les kartet ofte, men med korte blikk.
- Kartkontakt. Aldri ”slippe” kartet. Vit alltid kor du er.
- Ting tek tid. Ein m  trene lenge for   bli god i orientering.
- Dei smarte lærer av sine feil. Dei kloke lærer av andre sine feil.
- Det er deg det kjem an p ! Du kan bli betre! Husk   nyte!

Olav Solberg leia samlinga, og ga til slutt ordet til leiar Jarle Botnen som runda det heile av med   takke Hausken for eit flott foredrag. Ho fekk med seg Arne Landes jubileumsbok ”Over stokk og stein”.

Rekruttering

I  r klinka me til med ei rekrutteringsgruppe som har laga i stand flotte opplegg for dei minste p  seks av treningsl pa i v r. I denne gruppa sat Andr  Horgen, Synn ve Dalva, Bj rg Lande, Inger Lise Solberg og Margit Ryen Steen.

13. mai arrangerte o-laget skuleorientering for ungane i 5., 6., og 7. klasse på Bø og Folkestad skule. André Horgen var løypeleggjar. Arne Lande, Bjørg Lande og Synnøve Dalva hjelpte til på sjølve dagen. Samlingsplassen var ved Bø Hotell og starten ved fotballbanen utanfor HiT. Det var til saman 200 unge deltakarar. Løpet gjekk på Gullbring-kartet. Per Chr. Hagen la løypene inn digitalt og trykte opp proffe kart til alle.

19. september kl. 18.00 hadde Jon Solberg eit lite o-opplegg for ungar på barneidretten. Løypa gjekk frå studentheimen i Breisås og på 1:5000-kartet i området bak. Postane låg til dagen etter da foreldra overtok ansvaret og ei ny gruppe ungar fekk prøve seg i løypa. Til saman var ca 40 ungar i 8-12 års alderen med.

Turorientering

I år har Per Chr. i samarbeid med turlaget fått i stand eit turorienteringsopplegg på Folkestadåsane med 5 postar. På kvar post var det ei bok som folk kunne skrive seg inn i. Postane låg på fine stader i terrenget. Fram til 1. februar 2012 kan folk levere eit skjema til Brukås Sport som bevis på gjennomført turorientering.

Kart

Nytt flott turkart over heile Bø kommune kom ut i år! Målestokk 1:25000 og ekvidistanse 10 meter. Kartet blei gjeve ut av Bø o-lag, Bø kommune og Fossøy Kart. Både sommar- og vinterløyper er teikna inn.

Nordbøåsane blei revidert i 2010 av kartfirmaet Anders Fossøy og gjeve ut til kretsløpet i 2011. Kartet dekker eit areal på 2.5 km². Revisjonen kosta 51 000 kr og blei finansiert av spelemidlar (25 500 kr. for nærmiljøanlegg) og ved dugnad (14 500 kr., kontroll og administrasjon). Per Chr. Hagen og Jon Kvisli oppdaterte Nordbøåsane før kretsløpet.

Elles er det gjort små revideringar på nærområdekartet i nedste del av Breisås. Jon Solberg har teikna inn den nye stigen han har tråkka opp, i tillegg til eit par nye steinar og søkk som har dukka opp det siste året.

Bjørn Steen drøymmer om eit kart over Stadskleivåsane som strekker seg nordover og heilt opp til gamle Vatnar skule.

Kretsløp på Nordbøåsane, søndag 22. mai

O-løpet gjekk frå tråvbanen med start langs stigen nord for skyttarbua. Veret heldt seg fint heilt til folk skulle heim. Da kom det eit par regndråpar. Arrangementet gjekk meir eller mindre knirkefritt med fine løyper, varme vaflar, lite mygg og 152 deltakarar. Trude Harstad vann D17, og Elisabeth Solberg D17C.

Avslutningsfest, onsdag 16. november kl. 17.00

Festen gjekk på ungdomsskulen øvst i gata. Mange, både unge og gamle, deltok. Me hadde ein super spørrekonkurranse, m.a. med pedagogisk korrekte o-relaterte spørsmål for dei minste. Arne Lande arrangerte mikroorientering på styrkerommet i kjellaren. Det var stor suksess, og dei unge, lovande deltakarane gjennomførte løypa både ein og to og tre og opptil seks gonger. Etterpå var det pølser, kaker, kaffe og brus, servert av rutinerte serveringsdamer frå o-laget med Bjørg Lande og Margit Steen i spissen. André Horgen delte ut premiar til alle ungane som hadde deltatt på 3 eller fleire av nybyrjaropplegga på treningsløpa i vår.

Bø Blad var til stades, og bladfyken lærte mykje om o-løp etter ein lang prat med leiar Jarle Botnen. Etterpå laga freelancejournalisten ei fin reportasje frå kvelden m.a. med bilete av alle ungane i fin oppstilt konfirmasjonspositur.

Sportsleg aktivitet

NM på Romeriksåsen (Raumar O-lag):

Staffett:

Nr 79 (av 106 lag) På laget sprang Eivind Lande, Eivind Frode Rinde og Steinar Lande.

Mellomlang:

Eivind Lande deltok i H21. Han blei nr. 30 i si pulje og kvalifiserte seg ikkje til finalen.

Lang:

H21: nr. 69 Eivind Lande (av 97 startande). 54 min bak vinnaren, verdsmeister Olav Lundanes frå Halden SK.

Natt (i Larvik):

H21: nr. 34 Eivind Lande

KM i Sandefjord (bare plasseringar blant dei 3 beste er tatt med, listefyllet er luka vekk):

D65: nr. 2 Synnøve Dalva

H55: nr. 2 Per Chr. Hagen

D60: nr. 2 Margit Ryen Steen

Veteranmeisterskapen på Hovden:

Mellomlang:

Plass	Klasse	Startnr.	Navn	Brikkenr.	Tid
3	H35	12	Asbjørn Byggland (12)	113193	40:38
9	D60	506	Björg Mostaul (506)	39205	35:04
10	H60	203	Bjørn Steen (203)	80354	34:09
14	H55	164	Per Chr. Hagen (164)	94133	37:44
14	D60	514	Margit Ryen Steen (514)	80353	39:53
16	D65	543	Synnøve Dalva (543)	88670	43:05
16	H40	43	Øyvind Støren (43)	154627	1:21:27
23	H65	258	Arne Lande (258)	94102	38:15
24	D65	555	Björg Lande (555)	94098	57:22

Lang:

Plass	Klasse	Startnr.	Navn	Brikkenr.	Tid
3	H35	12	Asbjørn Byggland (12)	113193	55:41
4	D60	506	Björg Mostaul (506)	39205	46:24
5	H35	2	Steinar Lande (2)	88666	1:03:44
6	H55	164	Per Chr. Hagen (164)	94133	49:09
15	D60	514	Margit Ryen Steen (514)	80353	57:58
18	D65	543	Synnøve Dalva (543)	88670	1:02:39
21	H60	203	Bjørn Steen (203)	80354	1:00:26
32	H65	258	Arne Lande (258)	94102	1:02:08

Sprint:

Plass	Klasse	Startnr.	Navn	Brikkenr.	Tid
2	H35	12	Asbjørn Byggland (12)	113193	21:58
11	D60	514	Margit Ryen Steen (514)	80353	28:08
11	H40	43	Øyvind Støren (43)	154627	31:01
15	H55	164	Per Chr. Hagen (164)	94133	24:58
17	D65	543	Synnøve Dalva (543)	88670	33:29
22	D65	555	Björg Lande (555)	94098	45:42
30	H65	258	Arne Lande (258)	94102	28:36

Lokal sportsleg aktivitet

Lokal aktivitet er viktig. Dørstokkmila må ned i eit par steinkast. Idretten må ned på grasrota.

Bø o-lag gjennomførte 20 lokale arrangement i år. 15 treningsløp, klubbmeisterskap og 4 sprintløp på hausten. Totalt var det 676 startar, inkludert ca. 180 startar frå o-skulen i vår (5 onsdagar). Dette gjev eit snitt på 34 løparar pr. løp. Utan o-skulen blir det ca. 500 startar.

Klubbmeistrar i Jon Kvislis løyper på Reskjem:

H 17 Eivind Frode Rinde
H50 Jarle Botnen
D50 Synnøve Dalva
H60 Bjørn Steen

Takk til

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i 2011. Ein særskilt takk til Bø Sparebank for økonomisk stønad.

Bø 23. januar, 2012

For styret Jon Solberg (sekretær)